



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Kultur- og idrettsavdelinga



Den kulturelle skolesekken i Hordaland



Plan for skuleåret 2008 – 2009

Plan for DKS skuleåret 08/09

(frist for innlevering 1. april 2008)

Den kulturelle skolesekken i

Hordaland

 fylke

Institusjon:	Hordaland fylkeskommune
Besøksadresse:	Agnes Mowinckels g 5
postadresse:	Postboks 7900, 5020 Bergen
telefon:	55 23 99 76/71
faks:	55 23 93 79
epostadresse:	dks@post.hfk.no
url:	http://www.dks-hordaland.no/

Kontaktperson

navn	Charlotte Espeland
telefon	55 23 99 76
epost	charlotte.espeland@post.hfk.no

Mål, strategier og satsingsområder

Hva er målene for arbeidet med Den kulturelle skolesekken i fylket?

Basismodellen for Den kulturelle skolesekken (DKS) i Hordaland blei utvikla skuleåret 2004/2005. DKS i Hordaland har vedtatt overordna mål nedfelt i departementale føringsdokument og slik DKS i Hordaland sjølv har vedtatt. Ein skil mellom hovudmål og organisatoriske mål og strategiar. Desse vart etablerte i tett samarbeid med kommunane som skuleeigarar, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen og NOKU.

Hovudmål:

1. å medverka til at elevar i grunnskulen får eit profesjonelt kulturtilbod;
2. å leggje til rette for at elevar i grunnskulen skal få tilgang til, gjera seg kjende med og få eit positivt forhold til kunst- og kulturuttrykk av alle slag;
3. å medverka til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål;
4. å gje born oppleving av kunst og styrka deira eiga skaparevne.

Organisatoriske mål og strategiar:

- DKS skal realiserast i kryssingspunktet mellom kultur- og skulesektor på alle nivå.
- DKS inneber partnerskap, aktiv medverking og utforming på alle nivå av realiseringa.
- DKS skal vera tufta på demokratiske prinsipp.
- DKS skal vera lokalt forankra, og der det lokale vert å forstå som noko som veks fram i dynamisk samspel med det regionale, nasjonale og internasjonale.
- DKS tilboda skal kunne genererast og implementerast gjennom eit aktivt samspel mellom kunst- og kulturaktørar lokalt, regionalt og (inter)nasjonalt.
- DKS skal vera ein av bidragsytarane i skapinga av eit dynamisk samfunns- og kulturliv og gje kunstnarar og kulturarbeidarar høve til utvikling.
- DKS skal medverka til å skapa grobotn for samfunnsmessig, kulturelt og kunstnarisk mangfald og vera delaktig i å skapa utvida horisontar for elevane.
-

Hvilke særlige utfordringer/satsingsområder skal det arbeides med?

Den kulturelle skolesekken i vidaregåande skule.
Etablering av faggrupper.

Hvilke strategier har man for å nå målene?

Sjå første punkt.

Skal det settes i gang tiltak i fylket som skal framheve og sikre kulturelt mangfold i Den kulturelle skolesekken? Hvis ja, utdyp: ja nei

I skuleåret 2008/2009 vil vi særleg satse på utstillinga "Sjekk det håret" som er eit samarbeidsprosjekt mellom 17 ABM institusjonar i Hordaland. Vi vil også ha andre tilbod som sikrar kulturelt mangfold, mellom anna framsyninga "Store Stemme".

Skal det settes i gang tiltak i fylket som sikrer tilgjengelighet for elever med spesielle behov? Hvis ja, utdyp: ja nei

For skuleåret 2008/2009 er det enno ikkje planlagd særskilde tiltak for elevlar med spesielle behov. På grunn av opphald mellom to leiarar for DKS i Hordaland er ikkje heile programmet for skuleåret ferdig lagt.

Innhold/omfang

Hvordan har man tenkt å arbeide med kvalitetssikring og utvikling av det kunstneriske/kulturfaglige innhold i fylkets DKS? Kort beskrivelse:

Etablering av faggrupper blir ei viktig oppgåve i den vidare utviklinga av DKS i Hordaland.

Vidareutvikling av dynamisk samspel og gode synergieffektar mellom Kultur- og idrettsavdelinga sine ulike verksemdsområde, der DKS kan spela ei rolle med tanke på å dra veksjar på dei ulike satsingsområda i prosjektutvikling og formidling mot skuleborn (idrett, kulturminne, arkeologi, musikkføremål, kulturformidling med meir).

Vil alle elever i fylket motta DKS-tiltak (utenom Rikskonsertene) fra fylket? ja nei

Nesten alle vil få tilbod. Hordaland prioriterar å ha nokre meir omfattande prosjekt som får ringverknader ut over dei elevane som er med, enn at alle elevane skal vera garantert tilbod. Alle elevane får tilbod totalt sett (lokale skulesekkar, Riks- og Fylkeskonsertar og DKS Hordaland).

Budsjett

a) Inntekter

Spillemidler	10 819 180*
Egne midler/egeninnsats	1 915 000**
Refusjoner fra Rikskonsertene/Norsk scenekunstbruk	175 475
Egenandeler – kommunene	349 000
Renteinntekter	370 000
Annet, overført fra forrige skoleår	2 500 000
Sum	16 128 655

b) Utgifter

Formidling, innholdsutvikling, produksjon	3 159 374 + 1 579 475 + 2 500 000
Overføringer til kommunene	6 974 806***
Nettverk/kompetanseheving - kulturtorg	
Nettverk/kompetanseheving - annet	100 000
Administrasjon – lønnskostnader	1 303 000****
Administrasjon – annet	512 000
Annet	
Sum	16 128 655

Kommentarer til budsjettet:

Fylkeskonsertane/Rikskonsertane er ikkje inkludert i tala.

* Tal er basert på same tildeling som førre skuleår. Av dette finansierte kr 685 000 første år av pilotprosjektet for utviding av Den kulturelle skulesekken til vidaregåande skule.

** Kr 1 915 000,- er revidert driftsbudsjett 2008.

*** Tal er basert på same tildeling som førre skuleår. Bergen kommune får sin del av midlane direkte, kr 3 937 129. Kvar av dei 5 regionane får kr 50 000 til interkommunale satsingar.

**** Inkludert alle sosiale utgifter og midlar til å leiga inn ekstra konsulentar.

Organisering og samarbeid

Gi en kort beskrivelse av organisasjonsstruktur og styringslinjer for DKS på regionalt nivå?

DKS er forankra i Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune (HFK).

Fylkeskultursjef er fagleg ansvarleg. Det er tilsett leiar, rådgjevar og turneleggjar i 100 % fast stilling. Vidare er det førebels tilsett ein konsulent med kontrakt ut 2008 med særleg tanke på vidaregåande skule.

Styringsgruppa, som består av fylkeskultursjef i HFK og utdanningsdirektør v/ Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland, har det overordna ansvaret og delegerer ansvar i eit utval av saker til DKS i HFK og til Rådet for DKS i Hordaland.

Rådet for DKS er ei ressurs- og referansegruppe for DKS i HFK og Styringsgruppa.

Representasjon: 5 valde DKS regionsrepresentantar m/vara, 1 representant frå Bergen kommune (observatør), 1 representant frå Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen m/vara, 1 representant frå NOKU m/vara, 1 representant frå Kultur- og idrettsavdelinga HFK m/vara, 1 politisk representant frå Kultur- og ressursutvalet HFK (observatør) m/vara. Leiar for DKS HFK er leiar for Rådet.

DKS i vidaregåande skule er eit samarbeid mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Gi en kort beskrivelse av DKS-samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunene:

Den kulturelle skolesekken vert realisert gjennom partnerskapet mellom 32 hordlandskommunar og Hordaland fylkeskommune.

Den kulturelle skulesekken i Hordaland på fylkesnivå spelar ei vesentleg rolle som regional utviklar, sørvisinstans og samordnar av DKS-verksemnda. I samband med den nasjonale høyringa om NIFU-step sin evalueringsrapport, har Hordaland fylkeskommune og hordlandskommunane evaluert satsinga i sin heilskap. Dei positive resultatane frå ei spørjeundersøking i 31 (av totalt 32) kommunar, viser at det er all grunn til å byggja vidare på det eksisterande fundamentet for verksemnda slik ein har lagt det opp i fylket, både organisatorisk, økonomisk og med tanke på produksjon og distribusjon av DKS-tilbod til grunnskulane.

Årlege møter med kommunane.

Gi en kort beskrivelse av samarbeidet mellom DKS i fylket og regionale/lokale kunst- og kulturinstitusjoner:

DKS Hordaland vil halde fram med det gode samarbeidet med regionale/lokale kunst- og kulturinstitusjonar. Vi kjøper både inn ferdige produksjonar og samarbeider om å utvikla nye. Institusjonane er og samarbeidspartar i samband med kurs for lærarar og kunstnarar.

Kompetanseutvikling

Gi en kort beskrivelse av eventuelle planlagte kompetansetiltak for lærer/utdanningssektoren i regi av fylkeskommunen eller med fylkeskommunen som samarbeidspartner:

Førebels er det planlagt eit heildagkurs i dramatisering av eventyr og skodespel for lærarar i samarbeid med Vestlandske Teatersenter, samt vidareføring av kurs i Digital videoverkstad i samarbeid med Bergen Kunstmuseum. Det vert også kurs i etterkant av turne med Vil Vite - BergenVitensenter. Kursa vert produsert og organisert i samarbeid med aktuelle kurshaldarar, Fylkesbiblioteket, Utdanningsavdelinga v/Fylkesmannen og Opplæringsavdelinga HFK.

Gi en kort beskrivelse av eventuelle planlagte kompetansetiltak for kunst- og kultursektoren i regi av fylkeskommunen eller med fylkeskommunen som samarbeidspartner:

DKS Hordaland har tidlegare arrangert Visuelt Kunstseminar for kunstnarar i fleire år. Pga. mellomrom mellom to leiarar vil ev. nytt seminar for skuleåret 2008/2009 bli planlagt seinare.